

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Atle Skrede, Kulturavdelinga  
 Sak nr.: 15/9339-26

### Forlenging av planperiode og rullering av handlingsprogram for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019.

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-17 vert forlenga t.o.m. 2019.
2. Handlingsprogram for aktivitetsskapande tiltak 2016–19 vert vedteke som i vedlegg 1.
3. Handlingsprogram for anlegg 2016–2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 2.
4. Langtidsprogram for anlegg etter 2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

1. Framlegg til nytt handlingsprogram for aktivitetsskapande tiltak 2016 – 2019.
2. Framlegg til nytt handlingsprogram for anlegg 2016 – 2019.
3. Framlegg til nytt langtidsprogram for anlegg etter 2019.
4. Vurderingar av prioriteringar av innspel på tiltak og anlegg.
5. Evaluering av handlingsprogram anlegg 2014 og 2015
6. Evaluering av handlingsprogram tiltak 2014 og 2015.
7. Evaluering av langtidsprogram etter 2017.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017
2. Brev av 24.06.15 om rullering av handlingsprogram og invitasjon til innspel.
3. Innspel frå kommunar og regionale organisasjonar (xx ).

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Planutvalet vedtok i sak 2/15 av 3.juni 2015 å rullere handlingsprogrammet i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014–2017. Arbeidet med rulleringa er gjennomført i tråd med planutvalet sine føringar om at arbeidet skulle skje i samarbeid med partnerskapen.

Partnerskapen, dvs. kommunane, staten og regionale organisasjonar vart inviterte til å kome med innspel innan 10.oktober 2015. Innspela gjaldt både aktivitetstiltak og anlegg der tildeling av spelemidlar skal styrast av handlingsprogrammet i den regionale planen.

Evalueringa viser at planen og dei gjeldande handlingsprogramma har fungert etter intensjonen, og det er god måloppnåing. Det nye handlingsprogrammet som no vert lagt fram, er utarbeidd i tett samarbeid med partnerskapen.

Handlingsprogrammet er tredelt:

- Handlingsprogram for tiltak 2016-2019
- Handlingsprogram for anlegg 2016-2019
- Langtidsprogram for anlegg etter 2019.

Det vert tilrådd at regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert forlenga til å gjelde til og med 2019.

## **2. Bakgrunn for saka**

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteken i FT-sak 49/13 for 2014–17. Planutvalet starta gjennom handsaminga av arbeidsdokument, sak 2/15 av 03.06.15, rullering av handlingsprogrammet i planen. Planutvalet la då til grunn at det vil vere føremålstenleg å forlenga planperioden med to år slik at denne då gjeld for perioden 2016-19.

Føremålet med rullering og forlenging av planperioden var:

- Fange opp innspel til handlingsprogrammet frå rulleringa av kommunale planar.
- Lage handlingsprogram for tildeling av spelemidlar for to nye år.
- Oppdatere handlingsprogram for anlegg med justerte tilskotssummar.
- Rydde i langtidsprogrammet, ut med anlegg som ikkje vert realiserte og gje rom for nye anlegg.

Planutvalet la til grunn at rulleringa av handlingsprogrammet skulle skje i samarbeid med partnerskapen (frivillig sektor, kommunar, stat, fylkeskommune).

I arbeidet med ny regional planstrategi vert behovet og tidsperspektivet for regionale planar drøfta. Gjennom å forlenga både planperiode og handlingsprogram, vil fylkestinget få eit godt høve til å vurdere planbehovet på dette feltet opp mot andre behov.

Proessen er gjennomført i tråd med tilrådingane i planutvalet. Involvering av partnerskapen har stått sentralt. Milepælane i arbeidet har vore:

Arbeidsdokument til planutvalet 3.juni 2015

- 18.juni; Kommunane vart orientert om prosessen på samling for rådgjevarar for fysisk aktivitet og kulturkonsulentane i kommunane.
- 24.juni; Kommunane og regionale organisasjonar vart orienterte i eige brev om innspel til rullering av handlingsprogrammet med frist 10.oktober.
- 22.oktober og 27.oktober; Arbeidsmøte med partnerskapen (arbeidsgruppe).
- 22.oktober; Orientering til kommunane, frivillig sektor, statlege instansar om evaluering av gjeldande handlingsprogram, og framlegg til nytt handlingsprogram.

Partnerskapen har jobba aktivt og står bak dei framlegga til handlingsprogram som no vert lagt fram. Eit forlenga tidsperspektiv legg grunnlag for samhandling og handling over tid, både når det gjeld anlegg og aktivitetsskapande tiltak. Det er nyttig å sjå tiltaka i samheng med endring av både alderssamansetjing i befolkninga, busetnadsmønster, skulestruktur og korleis vi kan sjå tiltak og anleggsutvikling i ein større samheng.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### ***3.1. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv***

Planen har ein tekstdel, eit handlingsprogram for tiltak og eit handlingsprogram for anlegg (tildeling av spelemidlar). Anleggsdelen er delt i ein kortsiktig del (fire år) og ein langsiktig del. Tiltaksdelen tilførte planen ein ny dimensjon i 2013. Erfaring frå utarbeiding av planen og arbeidet med å gjennomføre planen så langt, tilsier at slike endringar tek tid å innarbeide. Fylkeskommunen har fått mykje positiv merksemd frå både Kulturdepartementet, andre fylkeskommunar og kommunar i fylket på tiltak for å fremje meir fysisk aktivitet som støttar opp visjonen; fysisk aktivitet for alle.

Tekstdelen i planen vert vurdert til å kunne gjelde for ein lengre periode enn dei fire åra som ligg til grunn i fylkestinget sitt vedtak i desember 2013. Det er ikkje kome innvendingar til dette, og fylkesrådmannen rår til at planperioden vert forlenga t.o.m. 2019.

### **3.2. Handlingsprogram - evaluering**

Handlingsprogrammet er tredelt:

- Aktivitetsskapande tiltak (i regi av partnerskapen)
- Anleggsprogram (kortsiktig)
- Anleggsprogram (langsiktig).

Heile handlingsprogrammet er evaluert for åra 2014 og 2015 i tråd med føremålet for rulleringa.

#### **3.2.1. Tiltak:**

Handlingsprogram for tiltak er evaluert ut frå om tiltaka er *gjennomført, delvis gjennomført, utsett eller ikkje gjennomført*. Det viser det seg at 33 av 57 tiltak er enten gjennomført eller delvis gjennomført i 2014 og 2015. Om lag 20 av tiltak er ikkje gjennomført, og er utsett.

#### **3.2.2. Anlegg:**

Alle anlegg som skal få tildeling av spelemidlar må vere vedtekne i ein kommunal plan. Ein del anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv kan få tilført spelemidlar gjennom regional plan. Dette er anlegg som er kostnadskrevjande, arealkrevjande, og som kan vere miljømessig belastande.

Ved evaluering av handlingsprogram for anlegg 2014 og 2015, viser det seg at ein del anlegg ikkje vert realisert som planlagt. Dette opnar opp for omprioriteringar når det gjeld tildeling av spelemidlar i 2016 og i 2017, samstundes som ein del anlegg kjem attende i langsiktig del.

For anlegga i langtidsprogrammet i gjeldande plan skal 30 anlegg slettast. Dette er anlegg som ikkje vert realiserte eller som har uavklarte spørsmål. 20 av anlegga som står oppført i eksisterande langtidsprogram er vurdert, og flytta til nytt langtidsprogram etter 2019. For 30 av anlegga i gjeldande langtidsprogram er gjeve innspel på at dei er ønska inn i nytt handlingsprogram for anlegg 2016-19. Det er funne plass til 26 av desse i det nye handlingsprogrammet for 2016-19.

### **3.3. Innspel frå kommunane:**

Vi ser av innspela som er komne at:

- Det er stort fokus på rehabilitering av anlegg eigd av både frivillig sektor og kommunane. Dette gjeld både for kunstgrasbaner, symjehallar og idrettshallar. Det er nokre nyetableringar på både symjehallar og idrettshallar i tråd med føringane i planen.
- Vi registrerer ei forsiktig, men likevel naudsynt utbygging av alpinanlegg i fylket.
- Det er ingen planar om kunstisbaner.
- Det er planar for flytting av eit hoppanlegg, dvs. nedlegging av eit eksisterande på grunn av utløp av grunneigaravtale og rehabilitering av ein hoppbakke.
- Dekninga på utandørs skyteanlegg ser ut til å vere god, men det er planar om tre nye anlegg som har lite oversikt over kostander enno og desse er derfor plasserte i langtidsprogrammet.
- For motorsport er det tre anlegg som er meldt inn der eitt av dei har fokus på rehabilitering og to av dei er nyetableringar som ligg spreidd frå kvarandre.
- Rulleskibaner vert prioritert i handlingsprogrammet av omsyn til å auke trafikktryggleik for rulleskiløparar. Anlegga vert nytta av andre målgrupper, t.d. eldre i rullator og rullestol, personar med nedsett funksjonsevne som kan pigge i desse løypene og racer – syklistar. Skisesongen kan forlengast for alle brukarar av anlegget.
- Det er meldt inn eit golfanlegg.
- For kunstgrasbaner lik eller større enn 64 x 100 meter er det spelt inn 29 anlegg, der 19 er prioriterte i handlingsprogrammet. Mange av desse vart etablert på byrjinga av 2000-talet og kan søkje om spelemidlar til rehabilitering etter 10 år dersom bruken og slitasjen tilseier dette.

### **3.4. Nytt handlingsprogram – tiltak:**

I det nye handlingsprogrammet for tiltak, jf. vedlegg 1, er fleire av tiltaka meir målretta og spissa i høve det tidlegare handlingsprogrammet. Tiltaka er gruppert i tre hovudgrupper:

- Tilrettelegging
- Tilgang
- Kunnskap

Partnerskapen er viktig for sjølve gjennomføringa og fylkeskommunen har ei nøkkelrolle i høve koordinering. Fylkeskommunen sin innsats vil ut over dette vere styrt av gjeldande økonomiske rammer og kapasitet.

### **3.5. Nytt handlingsprogram – anlegg:**

Fylkeskommunen har fått innspel på 197 anlegg som skal behalde eller endre status. Det vert opna opp for at 73 av desse vert plasserte i handlingsprogram anlegg for tildeling i perioden 2016-19. I førre planperiode var 62 anlegg prioriterte. Det vert stilt krav om at nye anlegg som vert spelt inn må stå minst eitt år i langtidsprogram anlegg før dei kan få ei tildeling.

#### **3.5.1. Nytt handlingsprogram anlegg (kortsiktig del); vedlegg 2:**

Fylkesrådmannen har lagt følgjande vurderingar (jf. også vedlegg 4) til grunn for kva anlegg som skal ha prioritet i handlingsprogram anlegg 2016-19:

- Prioritere minst eitt anlegg i kvar kommune i planperioden.
- Prioritere rehabilitering framom etablering.
- Prioritere symjeanlegg som dekker større område/regionar.
- Prioritere anlegg med godkjend søknad og som er ferdige framom nyetableringar.
- Prioritere frivillig sektor sine anlegg framom både kommune og fylkeskommune.
- Prioritere anlegg som skapar spennvide i tilbodet til barn og unge og som støttar visjonen; *Fysisk aktivitet for alle*.
- Prioritere anlegg som har fått første tildelingar i 2014 og 2015.
- Strekke tildelingar over maksimalt tre år.
- Prioritere anlegg som rehabiliterer for å tilfredsstille dagens krav til universell utforming for personar med nedsett funksjonsevne.
- Prioritere minst eitt anlegg innan kvar kategori av anlegg som er styrt av tildelingar i regional plan.
- Prioritere rulleskibaner tidleg i planperioden av omsyn til trafikktryggleik.
- Prioritere anlegg i handlingsprogrammet som har stått minst eitt år i langtidsprogrammet.

#### **3.5.2. Nytt handlingsprogram anlegg (langsiktig del); vedlegg 3:**

Etter ein grundig gjennomgang av langtidsprogrammet for 2014-17 og nytt handlingsprogram for 2016-19 inneheld langtidsprogrammet for anlegg etter 2019 94 anlegg.

### **3.6. Spelemidler:**

Spelemidlane (dvs. del av overskotet frå Nors Tipping AS) er viktigaste verkemiddel for å realisere anleggsdelen i denne planen. Sogn og Fjordane fylke er eitt av fylka mest størst etterslep for tildeling av spelemidler til idrettsanlegg, dvs. tida mellom første søknads-år og første tildelingsår. Tradisjonen for dugnad ved bygging av både nærmiljøanlegg, idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv, og å søkje om spelemidler som del av finansieringa, står sterkt i fylket.

Den såkalla «tippenøkkelen» er endra slik at 64 % av overskotet i Norsk Tipping skal gå til idrettsfremål mot 45,9 % i 2012.

Fylkeskommunane får tildeling etter tre kriterium:

- Anleggsdekning (tal anlegg pr. kvadratkilometer og tal innbyggjarar) – vekt 25 %
- Tal innbyggjarar – vekt 25 %
- Godkjend søknadssum – vekt 50%

For søknadsåret 2015 vart det godkjend søknader for 155 mill. kr, og Sogn og Fjordane fekk tildelt 37,2 mill. kr. Førrebelse tal for 2016 er om lag 200 mill. kr og ei verdiskaping på om lag 850 mill. kr i 2006 mot 633 mill. kr i 2015.

Tildeling vert gjort kjend først medio april 2016. Det er derfor utfordrande for kor mykje vi skal kunne forvente å få i spelemidlar i planperioden. Det vert lagt opp til forventning om 40 mill. kr i spelemidlar i 2016. I handlingsprogrammet set vi av 55 % av total ramme til å følgje opp løyvingar til anlegga i regional plan. Dette utgjer 22 mill. kr i 2016 og 25 mill. i 2017–2019. Resten av løyvinga vil gå til anlegg som ligg i dei kommunale planane. Samla kostnad for 73 anlegg som er prioriterte i handlingsprogram anlegg er om lag 552 mill. kr, der desse søkjer om ca. 152 mill. kr i spelemidlar. Handlingsprogrammet legg opp til å prioritere om lag 99 mill. kr i planperioden.

Full gjennomføring av handlingsprogrammet føreset at vi får tilført samla sett om lag 175 mill. kr til anleggsutbygging i Sogn og Fjordane dei kommande fire åra.

### **3.7. Vurderingar:**

Gode, tydelege, føreseieleg handlingsprogram er avgjerande for god saksbehandling for både kommunar, fylkeskommune og frivillig sektor. For å kunne finansiere eit stort idrettsanlegg er spelemidlar ofte avgjerande for realisering eller ikkje, uavhengig av kven som er eigar. Det er derfor viktig å skape forståing for kor viktig det er å involvere seg i slike prosessar. Fylkesrådmannen opplever at dette har auka utover i planperioden. Dette ser vi blant anna att i årlege rulleringar av handlingsprogram i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og ved revisjon av kommunale planar.

Som ledd i utviklingsavtalen mellom fylkeskommunen og idrettskrinsen har begge partar saman besøkt fleire kommunar som har revisjon av sine planar. Møta har involvert kommunalsjefar innan både, skule, helse, kultur, folkehelse, teknisk og plan og arealforvaltning på dagtid og frivillig sektor på kveldstid. Særleg fokus har det vore på tiltak for å fremje fysisk aktivitet, og stille spørsmål ved kva anlegg vi skal etablere, om fokuset i kommunane bør vere sterkare på rehabilitering framom nyetablering, og ikkje minst bærekraftig drift av idrettsanlegg. I 2016 vert nye kommunar besøkt, då også i samarbeid med Forum for natur og friluftsliv (FNF) for å styrke friluftslivet i kommunal planlegging.

På denne måten kan vi som fylkeskommune bidra til å styrke kommunane i god anleggs- og tiltaksutvikling, styrke idretten og friluftslivet sine rammevilkår, og som fylkeskommune vere ein regional utviklingsaktør.

Fylkesrådmannen vil likevel tilrå alle anleggseigarar innafor alle anleggstypar om å styrke samarbeidet mellom anlegg. Dersom det vert inngått avtalar mellom fleire kommunar om investering og drift av kostnadskrevjande anlegg, kan søkjarane få ytterlegare 30 % påslag på spelemidlane. Dette skal bidra til samarbeid og sikre berekraftig drift av anlegga.

Fylkesrådmannen har på bakgrunn av innspela god oversikt over anleggsutbygging i fylket for anlegg som skal styre tildelinga etter regional plan fram til 2025. Det har opna opp for at kommunane gjev innspel på sine langsiktige behov og dette skapar god oversikt for alle partar. Samstundes gjer fylkesrådmannen merksam på at dersom tildelingane til fylket ligg på dagens nivå, vil ventetida på tildeling vere på same nivå som i dag så vil søkjarane om spelemidlar til desse anleggstypane måtte vere budd på 4-5 års ventetid for tildeling.

## **4. Konklusjon**

Arbeidet med rullering av handlingsprogrammet for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er gjennomført i tråd med føringane frå planutvalet, og i tett samarbeid med partnerskapen. Gjennom å forlenge planperioden med to år, er vi med på å gjere arbeidet med fysisk aktivitet og anleggsutbygging meir føreseieleg for dei som står midt oppe i dette; frivillig sektor og kommunane.

Gjennom godt og føreseieleg planarbeid kan vi bidra til å tilføre fylket omlag 175 mill. kr i spelemidlar til anleggsutbygging for dei kommande fire åra.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)